

# Grauferd i Sogndal



Sogndal kyrkjelege  
fellesråd er ansvarleg  
gravplassforvaltning  
i kommunen og forvaltar  
ti gravplassar. Vi yter tenester  
til alle som bur i kommunen  
– uavhengig av tru, livssyn og  
kulturell bakgrunn.



# Grauferd

## Når ein av dei nærmeste dør

Det er mange ting som må takast hand om etter eit dødsfall. Som nærmaste pårørande kan du bestemme om du vil ta deg av dette sjølv eller bruke eit gravferdsbyrå til heile eller delar av arbeidet. Gravplasslova regulerer kven som er juridisk ansvarleg for gravferda, fristar for gravlegging m.m. I denne brosjyren finn du svar på dei vanlegaste spørsmåla i samband med gravferd, gravminne, feste og stell av grav. For meir informasjon, ta gjerne kontakt med oss i gravplassforvaltninga eller eit gravferdsbyrå.

## Kremasjon eller kistegravferd?

Kremasjon og kistegravferd er likestilte gravferdsformer i Noreg. I Sogndal blir dei fleste gravgangde i kiste, men det er ein aukande del som vel kremasjon. Det er opp til den ansvarlege for gravferda å bestemme om det skal vere kistegravferd eller kremasjon, men det er naturleg å ta omsyn til den døde sitt ynske, dersom dette er kjent. Seremonien i forkant av kremasjon blir kalla bisetjing.


## Kva skjer når?

Kistegravlegging eller kremasjon skal skje innan ti verkedagar etter dødsfallet. Urne etter kremasjon skal setjast ned innan seks månader etter dødsfallet.

## Seremoni

Seremonien kan haldast i ei kyrkje, eit forsamlingslokale eller eit livssynsnøytralt lokale. Dei pårørande kan få hjelp av eit gravferdsbyrå, ein prest eller ein annan seremonileiar til planlegging og gjennomføring av seremonien. Gravlegging og kremasjon kan også gå føre seg utan seremoni i forkant. I etterkant av kremasjon kan ein ha urneseremoni med påfølgjande nedsetjing av urna.





# Grau

## Ei grav å gå til

Dei fleste synest det er naturleg å ha ei grav å gå til, og alle innbyggjarar har rett på grav i kommunen. Gravlegging kan skje i ei ny grav eller i ei reservert (festa) grav.

Ei ny enkeltgrav som vert peika ut av gravplass-forvaltninga er definert som ei fri grav som det ikkje vert betalt avgift for i fredingstida. Ved bruk av ei reservert grav gjeld festeavtalen, og denne grava vert ikkje fri.

## Gravlegging

Gravlegging skjer vanlegvis på ein gravplass i det soknet der den døde budde, men det er også mogeleg med gravlegging på ein annan gravplass i kommunen, sjå oversyn på baksida av brosjyren.

Dersom ein ønskjer gravlegging i ein annan kommune, kan ein ta kontakt med gravplassforvaltninga der, for informasjon om tilgjenge og kostnader.

## Val av grav

Det finst ulike typar graver:

### Kistegrav

Ei grav med plass til ei kiste eller åtte urner.


### Urnegraver

Grav med plass til fire urner. Førevels er det berre Stedje kyrkjegard som har eigne urnegravfelt, men på alle gravplassane kan urner setjast ned i kistegraver.

### Unamma minnelund

Gravlund der berre gravplassforvaltninga kjenner plasseringa av grava. Gravlegginga skjer utan at pårørande er til stades. Det står eit felles gravminne på gravlunden der ein kan leggje ned blomar. Den unamma minnelunden har mellom anna vore nytta til å gravlegge dødfødde born, men det kan også setjast ned urner her.





# Feste av grav Gravminne

## Fredingstid

Fredingstida er den tida det må gå mellom kvar gong ei grav blir bruk til gravlegging. Unntak: Det kan når som helst setjast ned ei urne på ei kistegrav - også i fredings-tida.

På gravplassane våre er fredingstida anten 20 år eller 30 år, avhengig av grunntilhøva på gravplassen, sjø oversyn på baksida av brosjyren. Når ei urne blir sett ned i ei kistegrav innanfor fredingstida, blir fredingstida forlenga med ny periode på 20 eller 30 år.

## Feste av grav

Når ein tek i bruk ei ny grav, har ein høve til å reservere ei grav attmed den grava som blir bruk – desse gravene utgjer då ein gravstad. Den som er ansvarleg for ei reservert grav blir kalla festar. Ein festar må vere ein person.

Ei reservert grav og graver ein vil behalde etter fredings-tida må ein betale festeavgift for. Ein betaler festeavgift så lenge ein ønskjer å disponere den aktuelle grava og dette gjeld også etter ny gravlegging eller gjenbruk av grava.

Festeavgifta blir for tida kravd inn for ein periode på 5 år om gongen. Festeavgifta vert fastsett av kommunen og er med og finansierer administrasjon, drift og vedlikehald av gravplassane.

## Gravminne

Det er høve til å merke ei grav med eit gravminne. Gravplasslova og gravplassvedtekten set rammene for utforming, kvalitet og dimensjonar. Festar er ansvarleg for at gravminnet ikkje forfell, og at det ikkje er til sjenanse eller fare for dei som ferda på gravplassen. Gravminnet skal godkjennast av gravplassforvaltninga før det blir sett opp.

## Stell av grav

Det må ikkje plantast blomar eller andre vokstrar som overstig høgda på gravminnet, går ut over plantefeltet eller skjuler gravminnet. Det er ikkje høve til å plante noko utanfor plantefeltet, det vil seie bak eller ved sida av gravminnet. Det er ikkje krav om å plante på ein gravstad. Dersom ein ikkje ønskjer blomar, kan ein så til plantefeltet med plenfrø.

## Sletting av grav

Graver som er eldre enn fredingstida og som ikkje blir festa lenger, blir tilbakeført til gravplassen og vil då kunne brukast på nytt av gravplassforvaltninga. Festar står som eigar av gravminnet og kan sjølv fjerne dette frå grava som er sletta. Ein kan også be gravplass-forvaltninga fjerne gravminnet. Gravminne som gravplassforvaltninga tek hand om, blir mellomlagra ei tid før dei blir destruerte på ein slik måte at namn og data ikkje kan finnast att.

Vi takkar  
samarbeidspartnerane  
våre



**Sirkla**  
ressurs

Containerutleie – Containertransport - Næringsavfall

Sirkla Ressurs AS | Tlf. 57 00 90 40 | E-post: post@sirkla.no | [sirkla.no](http://sirkla.no)



Tlf. 977 677 33  
[larserik@solbergelservice.no](mailto:larserik@solbergelservice.no)  
[www.solbergelservice.no](http://www.solbergelservice.no)

elkonor



**Sogn**   
gravferdshjelp

Vakttelefon  
**57 68 14 77**

Vi ordnar også alt med gravsteinar.  
[www.sogngravferdshjelp.no](http://www.sogngravferdshjelp.no)



Tilbyr hjelp ved dødsfall, gravferd  
og båretransport.  
Sal og oppussing av gravstein.

  
**Nummedal**  
Gravferdsbyrå as

Tlf. 57 69 57 55/918 85 770 • E-post: [post@nummedalen.no](mailto:post@nummedalen.no)



# DEN NORSKE KYRKJA

## Sogndal kyrkjelege fellesråd

### Sogndal kyrkjelege fellesråd

Postboks 180

6851 Sogndal

Tlf: 57679985

post@sogndal.kyrkja.no

**www.sogndal.kyrkja.no**

Opningstider på kyrkjekontoret:

Kvardagar kl. 09.00 – 15.00

### Gravplassar i Sogndal kommune

Fredingstida for kvar gravplass i parentes.

- Stedje kyrkjegard (20 år)
- Kaupanger kyrkjegard (20 år)
- Kaupanger gravlund (20 år)
- Fjærland kyrkjegard (20 år)
- Ølmheim kyrkjegard (20 år)
- Leikanger kyrkjegard (20 år)
- Husabø gravplass (30 år)
- Tjugum kyrkjegard (30 år)
- Sæle kyrkjegard (30 år)
- Kvamsøy kyrkjegard (30 år)

På Stedje kyrkjegard er det eigne urnefelt og ein unamna minnelund. På Kaupanger kyrkjegard er mellomalder-kyrkjegarden nærest kyrkja freda og har avgrensa bruk. På Kaupanger gravlund er det berre høve til å nytte liggande gravminne i naturstein. Her er også eit eige gravfelt tilpassa trus- og livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja. Kvamsøy kyrkjegard har avgrensa bruk.

